



# SAKSHEFTE

NOREGS MÅLLAG  
DIGITALT LANDSMØTE  
17.–18. OKTOBER 2020



## INNHALD:

---

Praktisk informasjon	side 4
Framlegg til sakliste	side 5
SAK 1 Opning og konstituering	side 6
SAK 2 Årsmelding 2018–2020	side 10
SAK 3 Rekneskapar 2018 og 2019	side 11
SAK 4 Ungdomens tale	side 12
SAK 5 Ny opplæringslov	side 13
SAK 6 Fråsegner	side 15
SAK 7 Økonomi	side 18
SAK 8 Innkomne framlegg	side 24
SAK 9 Framlegg til lovendring	side 26
SAK 10 Val	side 28

### VEDLEGG

Lov for Noregs Mållag	side 30
Trygge møteplassar i Noregs Mållag	side 35
Høyringsfråsegn NOU om opplæringslov	side 36
Revisjonsmelding Målreisingsfondet	side 43

## PRAKTISK INFORMASJON

---

SKRIVARSTOVA ER PÅ SOLA FRÅ 15. OKTOBER. DE KAN NÅ OSS HER:

---

Gro Morken Endresen 957 85 560 eller [gro.morken@nm.no](mailto:gro.morken@nm.no)

Erik Grov, 472 49 718 eller [erik.grov@nm.no](mailto:erik.grov@nm.no)

Hege Lothe, 926 48 348 eller [hege.lothe@nm.no](mailto:hege.lothe@nm.no)

Ingar Arnøy, 975 29 700 eller [ingar.arnoy@nm.no](mailto:ingar.arnoy@nm.no)

Astrid Grov, 907 29 615 eller [astrid.grov@nm.no](mailto:astrid.grov@nm.no)

Per Henning Arntsen, 952 93 289 eller [per.arntsen@nm.no](mailto:per.arntsen@nm.no)

Marit Aakre Tennø, 454 71 716 eller [marit.tenno@nm.no](mailto:marit.tenno@nm.no)

Landsmøtet er digitalt, men dei som står for den digitale produksjonen av landsmøtet og elles treng å arbeida saman for å få ei god avvikling, er likevel samla på Sola. Det gjeld styret, skrivarstova, ordstyrarar, møteskrivarar, medhjelparar og vonleg redaksjonsnemnd.

### INFORMASJON OM INNLOGGING OG DIGITAL DELTAKING

---

Landsmøtet vert sendt som ei direkte TV-sending på ein nettstad alle delegatar og observatørar får adressa i god tid på førehand. På nettstaden går det an å trykkja på ein knapp «Rekk opp handa» for å bli med på talelista. Du blir då automatisk kopla til ordstyrarane med lyd og video. Når det er din tur, vil du bli introdusert og få høve til å halda ditt innlegg.

Du treng berre ei datamaskin og ein moderne nettlesar, Chrome, Vivaldi, Opera og Firefox fungerer spesielt bra. Du kan òg bruka eit nettbrett eller ein mobil. Samtalen med ordstyrarane vil skje over Whereby. Det er for tidleg å testa heile systemet, men om du er veldig lite tolmodig, går det an å bruka <https://nm.whereby.com/test> for å sjå om du får opp bilete.

Det viktigaste når du skal ta ordet, er at du har god lyd. Difor rår me alle til å bruka hovudsett med mikrofon som er nær munnen. Videokvalitet er ikkje viktig for dette møtet, men dersom du vil få det bra, er det fint å sitja med andletet mot ei ljuskjelde (t.d. vindauga).

Fordi landsmøtet no er digitalt, er landsmøtet noko korta ned. Styret legg fram ei sakliste som går over to dagar i staden for tre, og med noko kortare dagar enn vanleg. Den største endringa i saklista er at prinsippprogrammet er utsett til landsmøtet 2022.

## FRAMLEGG TIL SAKLISTE:

LAURDAG 17. OKTOBER		
<b>11.30</b>	<b>1</b>	<b>Opning og konstituering</b>
		Velkomen og opning ved leiar Peder Lofnes Hauge
<b>11.45</b>	<b>2</b>	<b>Årsmelding 2018–2020 v/ Magne Aasbrenn - diskusjon og vedtak</b>
<b>12.30</b>	<b>3</b>	<b>Rekneskapar 2018 og 2019 v/ Gro Morken Endresen - diskusjon og vedtak</b>
12.50		Pause
<b>13.05</b>	<b>4</b>	<b>Ungdomens tale v/ Gunnhild Skjold</b>
<b>13.12</b>	<b>5</b>	<b>Ny opplæringslov v/ Peder Lofnes Hauge</b>
<b>13.30</b>	<b>6</b>	<b>Fråsegner v/ redaksjonsnemnda og/eller framleggsstillarar</b>
14.20		Helsingstalar
14.30		Matpause
<b>15.10</b>		<b>Fråsegner, framhald</b>
<b>15.50</b>	<b>7</b>	<b>Budsjett 2021 og 2022, medlemspengar 2022 og 2023 v/ Gro M. Endresen</b>
16.25		Pause
<b>16.35</b>	<b>8</b>	<b>Innkomne saker 1 Målgåver og skattefrådrag v/ Odda Mållag</b>
<b>16.50</b>	<b>9</b>	<b>Framlegg til lovendring v/ Anders Riise</b>
17.05		Slutt for dagen
SUNDAG 18. OKTOBER		
<b>10.30</b>	<b>6</b>	<b>Fråsegner - diskusjon og vedtak</b>
<b>11.15</b>	<b>5</b>	<b>Opplæringslova - diskusjon og vedtak (fråsegn)</b>
11.40		Pause
<b>12.00</b>	<b>8</b>	<b>Vedtak innkomne framlegg</b>
<b>12.10</b>	<b>7</b>	<b>Vedtak økonomisaker</b>
<b>12.20</b>	<b>9</b>	<b>Vedtak lovendring</b>
<b>12.25</b>	<b>10</b>	<b>Val v/ Peder Lofnes Hauge - valnemnd og revisor</b>
<b>13.00</b>		<b>Avslutning og heving av møtet</b>

## 1 OPNING OG KONSTITUERING

---

Denne saka gjeld:

- 1.1 Godkjenning av innkalling
- 1.2 Fastsetjing av landsmøteføresegner
- 1.3 Val av tillitsombod på landsmøtet
- 1.4 Fastsetjing av sakliste
- 1.5 Fastsetjing av tidsfristar

### 1.1 GODKJENNING AV INNKALLING

---

Fyrste innkalling vart sendt ut 23. januar, informasjon om todelt landsmøte, med eit e-postmøte i april og eit oppfølgingsmøte 16.–18. oktober vart sendt ut 24. mars og med tilslutning frå utsendingane til denne delinga i perioden 4.–7. april (alt saman på e-post). Informasjon om digitalt landsmøte 17. og 18. oktober vart sendt 7. september. Innkalling med sakspapir vart sendt ut 16. september, i tråd med lov for Noregs Mållag.

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Landsmøtet godkjenner innkallinga.*

---

### 1,2 FASTSETJING AV LANDSMØTEFØRESEGNENE

---

#### FRAMLEGG TIL LANDSMØTEFØRESEGNER

Frå 24. juli 1980, med brigde frå 29. juli 1982, 27. juli 1995, 29. juli 1999, 26. april 2002, 28. april 2006, 27. april 2007, 25. april 2008 og 21. april 2013.

Desse føresegnene er tilpassa det digitale landsmøtet, og er difor noko endra frå tidlegare.

#### § 1

landsmøtet godkjenner framlegg til sakliste og framlegg til møteplan. Dersom det blir endringar i framlegget frå styret, legg styret snarast råd fram endra møteplan der tida ein har til rådvelde, er delt mellom sakene som skal drøftast. Det ligg på styret, særleg på møtestyraren, å prøva å halda tidsplanen.

Styret kjem også med framlegg til fristar for levering av endringsframlegg til saker som er oppe til vedtak. Landsmøtet vedtek slike fristar under konstitueringa.

## § 2

Styret kjem med framlegg om fire til seks ordstyrarar eller møtestyrarar, som landsmøtet skal velja. Dessutan:

A Fem møteskrivarar som har ansvaret for at møteboka frå landsmøtet blir rett. Referat frå landsmøtet skal vera ferdig reinskrive frå møteskrivarane si hand og underskrive innan 15. desember.

B Redaksjonsnemnd på fem medlemmer med varafolk for andre saker på landsmøtet. Nemnda skal:

- 1) Gå gjennom innkomne framlegg til vedtak og fråsegner.
- 2) Forma framlegg til vedtak og fråsegner etter oppdrag frå landsmøtet.
- 3) Arbeida saman framlegg som går i same lei, helst i samråd med dei som har levert framlegga.
- 4) Levera ei innstilling til landsmøtet der det går fram om nemnda rår landsmøtet til å røysta for eller mot framlegga som er oppe til handsaming.

§ 3 Møtestyrarane deler arbeidet seg imellom. Møtestyraren skal til kvar tid ha ein hjelpar ved styrebordet - så langt råd er, ein av dei valde møtestyrarane. Møtestyrarane skal sjå til at den godkjende møteplanen blir følgd, og skal prøva å fordela tida som er til rådvelde for kvar sak, såleis at alle utsendingar har høve til å leggja fram sitt syn. Ut frå dette skal dei gjera turvande framlegg om nedsett taletid eller strek. Taletida blir fastsett med vanleg fleirtal når ikkje lover eller landsmøteføresegner seier noko anna. Utsendingar kan òg gjera framlegg om avgrensa tid.

§ 4 Møtestyraren kan ikkje vera med i ordskiftet. Vil han vera med i ordskiftet, tek varamøtestyraren over. Møtestyraren kan likevel svara på merknader om møtestyringa.

§ 5 Innlegg til saksførehavinga skal vera stutte, aldri over 1 minutt. Ordskifte om saksførehavinga kan møtestyraren stogga etter 10 minuttar, og skal stogga etter 15 minuttar.

§ 6 Møtestyraren avgjer korleis ein skal be om ordet. Det skal vera høve til føreåt å be om ordet til ei sak eller til einskilde punkt i ei sak.

§ 7 Framlegg skal setjast fram *skriftleg*. Styret skal sjå til at framlegg blir mangfalda før dei blir tekne opp til avgjerd, så sant det er råd.

§ 8 Møtestyraren eller varamøtestyraren fører talelista. Utanom lista kan landsleiaren eller den han har gjeve mynde til det, og ordskifteinnleiaren få ordet for å svara på spørsmål. Tillitsfolk og tenestefolk skal elles følgja talarlista og fastsett taletid.

§ 9 Taletida er i ordskifta i utgangspunktet 3 minuttar, men kan avgrensast med vanleg fleirtal. Dersom den digitale løysinga ikkje hindrar det, er høve til å be om replikk. Med det meiner ein ein kort kommentar (maksimum ein minutt) til siste innlegget.

Det er høve til 2 replikkar etter kvart innlegg. Det er høve til svarreplikk. Dersom det trengst, kan replikkretten avgrensast.

Møtestyreren kan, når det er tid til det, med samtykke frå landsmøtet, gjera unntak frå tidsavgrensinga.

§ 10 Dreg eit ordskifte ut, kan møtestyreren eller utsendingar gjera framlegg om å setja strek for talarlista. Før strek blir sett, må dei som vil koma med framlegg, få gjera desse kjende, og alle som har merknader til framlegg, eller som ynskjer å vera med i ordskiftet, få melda seg til talarlista.

§ 11 Med vanleg fleirtal kan landsmøtet vedta å halda prøverøysting.

§ 12 Ein røystar til vanleg digitalt i den valde møteløysinga. Vedtak vert fatta ved simpelt fleirtal, med mindre anna går fram av vedtektene. Når der er fleire enn to framlegg til vedtak, skal det mest radikale framlegget setjast opp mot det nest mest radikale framlegget. Slik held ein fram til ein står att med eit framlegg som kan setjast opp mot framlegget som ligg til grunn for vedtaket.

Ved røystelikskap skal det røystast på ny. Ved røystelikskap for andre gong vil det framlegget som låg til grunn for røystinga, vinna fram. Ved personval, eller der inkje framlegg ligg til grunn, vert spørsmålet avgjort gjennom lutkast.

Ved personval skal alternative framlegg setjast opp mot ein konkret plass i innstillinga. Personval skal avgjerast ved skriftleg røysting dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg, eller nokon krev skriftleg val. Dersom det er fleire enn to kandidatane til eit verv, må den som vert vald, ha minimum halvparten av røystene. Oppnår ingen av kandidatane halvparten av røystene i fyrste valomgang, fell kandidaten med færrest røyster ut. Slik held ein fram til ein av kandidatane har oppnådd simpelt fleirtal i siste valrunde.

§ 13 Landsmøtet avgjer med vanleg fleirtal alle tvilsspørsmål om møtestyring der det ikkje er lovfesta eller vedtektsfesta reglar å følgja.

§ 14 Landsmøtet kan fritt gjera avvik frå desse føresegnene.

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Landsmøtet vedtek landsmøteføresegner i tråd med framlegget i saksheftet.*

---



---

### 1.3 VAL AV TILLITSOMBOD PÅ LANDSMØTET

---

Styret innstiller overfor landsmøtet å velja desse tillitsomboda, og har samstundes i eige skriv bede om tilslutning til og gjennomføring av at dette valet vert gjort på e-post på førehand:

- 1 fire ordstyrarar
- 2 fem møteskrivarar
- 3 fem medlemer til redaksjonsnemnd for fråsegner, økonomi og andre landsmøtesaker

---

### 1.4 FASTSETJING AV SAKLISTE

---

Framlegget frå styret står på side 5 i dette heftet.

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Landsmøtet vedtek saklista slik ho ligg føre i saksheftet.*

---

---

### 1.5 FASTSETJING AV TIDSRISTAR

---

Merk at alle framlegg til fråsegner og andre saker skal vera sende inn seinast 2 månader før landsmøtet, jf. § 5.3 i lova.

I den situasjonen vi no er i med eit kortare digitalt landsmøte og ingen høve til å dela ut sakspapir på papir, rår styret til at det ikkje blir opna for å handsama fråsegner som kjem inn etter fristen i lova.

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Frist for endringsframlegg til fråsegner, inkludert fråsegn om opplæringslova: laurdag klokka 15.00*

*Frist for endringsframlegg til økonomisaker og til innkomne framlegg: laurdag klokka 17.30*

---

## SAK 2 ÅRSMELDING 2018–2020

---

**Dåverande leiar Magne Aasbrenn legg fram melding om styret sitt arbeid i arbeidsbolken.**

Årsmeldinga fylgjer landsmøtepapira som eiga trykksak.

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Årsmelding for 2018–2020 vert godkjend.*

---

## SAK 3 REKNESKAPAR 2018 OG 2019

Dagleg leiar Gro Morken Endresen legg fram rekneskapane.

I årsmeldinga er desse rekneskapane og revisjonsmeldingane trykte:

Noregs Mållag 2018 og 2019

Inga og Gjøa Lutros legat 2018 og 2019

Kulturlotteriet 2018 og 2019

Årsmelding og rekneskap for fondet for norsk målreising 2018 og 2019 følgjer her. Revisjonsmeldinga er trykt til sist i saksheftet.

### RESULTATREKNESKAP FOR FONDET FOR NORSK MÅLREISING

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Note	2019	2018
FINANSINNTEKT OG FINANSKOSTNAD			
Utbytte FO Private Equity		105 000	55 125
Andre renteinntekter		1 592	1 580
Andre finansinntekter		46 709	31 327
Verdiauke marknadsbaserte omlaupsmiddel		-15 840	0
Annan rentekostnad		144 188	0
Annan finanskostnad		52 186	7 550
Resultat av finanspostar		-58 913	80 482
Ordinært resultat før skattekostnad		-58 913	80 482
Ordinært resultat		-58 913	80 482
Årsresultat		-58 913	80 482
OVERFØRINGAR			
Overført til annan eigenkapital		-58 913	80 482
<b>Sum overført</b>		<b>-58 913</b>	<b>80 482</b>

BALANSEREKNESEKAP FOR FONDET FOR NORSK MÅLREISING

EIGNELUTAR ANLEGGSMIDDEL	2019	2018
<b>FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL</b>		
Investeringar i fond	6 908 986	1 469 843
Sum finansielle anleggsmiddel	6 908 986	1 469 843
Sum anleggsmiddel	6 908 986	1 469 843
<b>OMLAUPSMIDDEL</b>		
Andre kortsiktige krav	54	0
Sum krav	54	0
Bankinnskot	79 547	225 564
Sum omlaupsmiddel	79 601	225 564
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>2019</b>	<b>2018</b>
<b>EIGENKAPITAL</b>		
<b>INNSKOTEN EIGENKAPITAL</b>		
Annan innskoten eigenkapital	936 000	936 000
Sum innskoten eigenkapital	936 000	936 000
<b>OPPTENT EIGENKAPITAL</b>		
Fond for vurderingsforskjellar	0	251 165
Annan eigenkapital	441 187	360 705
Resultat av året	-58 913	80 482
Sum opptent eigenkapital	382 274	692 352
Sum eigenkapital	1 318 274	1 628 352
<b>GJELD</b>		
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>		
Anna kortsiktig gjeld	5 670 313	67 055
Sum kortsiktig gjeld	5 670 313	67 055
Sum gjeld	5 670 313	67 055
Sum eigenkapital og gjeld	6 988 587	1 695 407

## ÅRSMELDING FOR FONDET FOR NORSK MÅLREISING

Fondet for norsk målreising er skipa for å sikra den økonomiske innkoma til Noregs Mållag. Etter vedtektene (sist endra i 2001) skal fondsmidelen plasserast på høgste rente i bank eller på annan sikker og renteberande måte eller i aksjefond med god risikospreiing. Målet er at Noregs Mållag kvart år skal få overført ein pengesum tilsvarande om lag rente i pengemarknaden, rekna av verdien av fondet ved inngangen av året. Pengane kan brukast i den daglege drifta av samskipnaden. Fondet kan elles berre brukast til garanti for Noregs Mållag. Innskytarane kan teikna partar à 1000 kroner og må binda innsatsen sin i minst fem år.

Fondsstyret vedtok i 2001 desse retningslinjene for plassering av midlane i fondet: Om lag 40 prosent skal plasserast i bankinnskott, obligasjonar og pengemarknadsfond. Resten skal plasserast i norske og utanlandske aksjefond. Det skal ikkje plasserast midlar i enkeltaksjar eller i bransjefond.

Kapitalplasseringa vert teken hand om av Formuesforvaltning as. I 2018–2019 er den bokførte kostprisen auka med 21 569 kroner, men urealisert, ikkje bokført verdiauke for dei to åra er samla 403 671 kroner, 14,9 % auke i 2018 og 7,9 % i 2019. Pengemarknadsindeksen for 2018 og 2019 hadde ein vekst på 0,5 % og 1,2 %, det vil seie ei meiravkastning i fondet på 371 920 kroner.

Fondsstyret har ikkje gjort vedtak om utdeling av avkastning til Noregs Mållag i perioden.

Fondet vert leidd av eit styre på tre personar, alle oppnemnde av styret i Noregs Mållag for to år om gongen. I meldingsperioden har desse sete i fondsstyret: Erik Bolstad (leiar), Jens Romslo (2018–2019), Frida Mikkelsen (2019–2020) og Karl Peder Mork. Dagleg leiar i Noregs Mållag er skrivar for fondsstyret.

Styret har hatt to møte i perioden. I tråd med drøftingane på dei møta, held ein fast ved investeringsstrategien.

Det er ikkje teikna nye partar eller sagt opp partar i fondet i 2018 eller 2019.

Ved utgangen av 2019 hadde fondsmidelen ein urealisert verdi på 2 088 189 kroner mot 1 684 518 kroner ved utgangen av 2017. Fondet har 222 innskytarar og Noregs Mållag har 533 av i alt 936 partar à 1000 kroner.

Merk at gåve til Noregs Mållag på 5 600 000 kroner vart sett inn til forvaltning saman med målreisingsfondet sommaren 2019. Pengane er ikkje ein del av fondet, og avkastninga blir rekna ut særskilt for kvar av summene. Rekneskapen for fondet vil likevel inkludera også gåva, fordi pengane er plasserte saman.

Erik Bolstad (leiar) /s/

Frida Mikkelsen /s/

Karl Peder Mork /s/

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Rekneskapane for Noregs Mållag, Fondet for norsk målreising, Inga og GjØa Lutros legat og Kulturlotteriet vert godkjende.*

---

## 4 UNGDOMENS TALE

---

### **Innleiing ved Gunnhild Skjold, leiar i Norsk Målungdom og styremedlem i Noregs Mållag**

Under dette punktet har Norsk Målungdom høve til å snakka om fritt valde tema som gjeld politiske tankar og prioriteringar sett frå deira ståstad.

Det er ikkje sett av tid til ordskifte etter talen.

## 5 NY OPPLÆRINGSLOV

---

### Leiar Peder Lofnes Hauge innleier til saka.

Framlegg frå styret til vedtak/fråsegn i saka:

#### OPPLÆRINGSPOLITIKK ER SPRÅKPOLITIKK

---

Opplæringslova er ei heilt sentral språklov. Det er på opplæringsfeltet store delar av språkpolitikken vert utøvd, og det er såleis den mest sentrale språkpolitikken i eit samfunn.

Noregs Mållag krev at regjeringa gjer dei naudsynte tiltaka i arbeidet med ny opplæringslov for at nynorskelevane skal få ei like god opplæring som bokmåselevane har. Jamstillinga mellom nynorsk og bokmål er heilt avhengig av ei betre opplæringslov der dei språklege rettane til nynorskelevar blir lovfesta.

I mai i år kom regjeringa sitt framlegg til språklov. Denne slår i større grad enn mållova fast det offentlege sitt ansvar for språkpolitikken, og det særlege ansvaret staten har for å fremje det minst brukte språket. Det tyder at situasjonen for nynorsk skal vurderast i all politikktutvikling der norsk språk er relevant. Opplæringslovutvalet oppnemnt av regjeringa føreslår å endre fleire av språkrettane til elevane, utan at dei språkpolitiske konsekvensane er utgreidde, eller at den språkpolitiske dimensjonen av endringane i det heile er nemnt. Utvalet sitt framlegg til ny opplæringslov står i sterk kontrast til formålet til den føreslegne språklova. Noregs Mållag meiner difor det vil vere svært problematisk om regjeringa stiller seg bak framlegga frå utvalet som så klart råkar nynorsken og nynorskbrukarane.

Landsmøtet til Noregs Mållag krev:

#### **1. Språkdelt ungdomsskule**

Språkdelt ungdomsskule er det viktigaste tiltaket i språkdelt område for å sikre god hovudmålsopplæring for nynorskelevane.

I 2016 bad fleirtalet på Stortinget om ei utgreiing om retten til å gå i eigen nynorskklasser gjennom heile grunnskulen. Sidan har regjeringa trenert saka. No må kunnskapsministeren ta grep!

#### **2. Digitale læremiddel på nynorsk**

Nynorskelevane må sikrast same rett til digitale læremiddel og kontorstøtteprogram på eige språk som bokmåselevane har!

Nynorskelevane får i stor grad tilbod om digitale læremiddel som berre finst på bokmål.

Opplæringslovutvalet behandlar heile problemstillinga med harelabb, og ser ikkje i det heile ut til å ha teke henne inn over seg. Utvalet skriv at dei meiner dagens paragrafar synest dekkande, trass i Noregs Mållag si undersøking som syner at det ikkje stemmer. Utvalet vil heller ikkje innlemme dei viktige kontorstøtteprogramma i parallellitetskravet. Slik gjev utvalet dei store multinasjonale selskapa makt over norsk språkutvikling.

#### **3. Hald på skulemålsrøystingane**

Historisk har retten til rådgjevande røystingar om skulemål i skulekrinsane vore heilt avgjerande for nynorsken si utbreiing. Opplæringslovutvalet gjer framlegg om å fjerne denne retten i lova. Då fjernar dei også ein av dei viktigaste språkrettane i Noreg. Det er oppsiktsvekkjande at dei gjer dette heilt utan å diskutere dei språkpolitiske konsekvensane.

Fjernar ein den lovpålagde plikta til slike skulemålsrøystingar, vil avgjerda om opplæringsmål ligge hjå kommunestyret åleine, med eit høve etter kommunelova til å halda rådgjevande røystingar. Det er svært uklart kva utslag det vil gje. Skulemålsrøystingane fungerer i dag berre som forsøk på å vippe nynorsken ut av skulekrinsane. Noregs Mållag meiner likevel at makta til å endre skulemålet i krinsen framleis bør ligge hjå innbyggjarane.

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Landsmøtet vedtek fråsegna Opplæringspolitikk er språkpolitikk*

---



## SAK 6 FRÅSEGNER

---

Det låg føre tre fråsegner då saksheftet gjekk i trykken.

Styret har også lagt fram ei fråsegn om opplæringslova, men har valt å handsama saka som ei eiga sak på landsmøtet, for å sikra tilstrekkeleg rom til den svært viktige saka som er i arbeid dette året. Høyringsfråsegna Noregs Mållag leverte til fristen 1. juli, finn de til slutt i dette saksheftet.

### 1 NY SPRÅKLOV (FREMJA AV STYRET)

---

Noregs Mållag meiner framlegget til ny språklov er ei svekking jamført med dagens mållov. Landsmøtet i Noregs Mållag ber difor Stortinget gjere dei endringane som skal til for at lova ikkje bryt med eige føremål.

Det er fleire gode element i den nye lova, og særleg er det styrkte føremålet svært positivt. At lova slår fast at det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje det minst bruka språket nynorsk, er eit steg på rett veg for ein språkpolitikk som anerkjenner at det er eit skeivt styrketilhøve mellom nynorsk og bokmål.

Det er òg svært positivt at fylkeskommunen no får utvida plikter som vil sikre at nynorskbrukarane vil sjå meir av språket sitt. Men Noregs Mållag skulle helst sett at det var framlegget frå høyringsrunden, der fylkeskommunane hadde alle dei same pliktene som regionale statsorgan, som vart fremma for Stortinget.

Skal lova bli den viktige lova som ambisjonen har vore at ho skal vere, må Stortinget gjere desse endringane:

#### **1. Ikkje svekk kravet til skrivekompetanse**

Det mest dramatiske med framlegget til ny lov er at lova klart svekkjer kravet til skrivekompetanse i statsorgan. Landsmøtet til Noregs Mållag meiner statsorgan og fylkeskommunar skal kunne krevje at tilsette skal skrive både bokmål og nynorsk.

#### **2. Kvantifiser vekslinga mellom nynorsk og bokmål hjå nøytrale fylkeskommunar**

Det er viktig at vekslinga mellom nynorsk og bokmål i allment tilgjengelege dokument vert kvantifisert, slik at fylkeskommunane har ein prosentdel nynorsk dei skal produsere.

#### **3. Verkeområde må òg gjelde intern sakshandsaming**

Om verkeområdet for formålet med lova ikkje skal gjelde intern sakshandsaming, vert det eit paradoks at det einaste språkbruksdomenet i samfunnet der bruk av norsk generelt og nynorsk spesielt tilsynelatande, ikkje får eit lovfesta vern, er i intern sakshandsaming. Om ein tek ordlyden heilt på ordet, må det vere i orden for offentlege organ å ta i bruk engelsk som internt forvaltningspråk. Føremålet med lova må eksplisitt òg gjelde intern sakshandsaming, men vekslingsreglane mellom bokmål og nynorsk kan vere unnateke for intern sakshandsaming.

#### **4. Klageretten må ikkje bli innsnevra**

Klageretten må ikkje bli innsnevra, slik at språkorganisasjonar ikkje blir omfatta av han. Dette vil vere ei innsnevring av høvet til å klage samanlikna med dagens lov.

#### **5 . Gje språklova sanksjonar**

Noregs Mållag meiner at den nye språklova treng sanksjonar. Språkrådet og Kulturdepartementet har gjentekne gongar peika på brot på språkkrava, utan at det blir retta opp. Noregs Mållag gjer framlegg om bot med ein tidsfrist for å rette på feilen, der feilrettingar i rett tid gjer at bota blir stroken.

---

## **2 DIGITALE LÆREMIDDEL OG KONTORSTØTTEPROGRAM MÅ KOMME PÅ BÅDE NYNORSK OG BOKMÅL (FREMJA AV STYRET)**

---

Det trengst klårare definisjonar av kva som er eit læremiddel. Digitale verktøy som vert nytta regelmessig for å nå kompetansemåla i eit fag, må verte rekna som læremiddel. Nynorskelevane får i stor grad tilbod om digitale læremiddel og kontorstøtteprogram som berre finst på bokmål. Noregs Mållag fekk i 2018 utarbeidd ein rapport som synte at tilgangen til digitale læremiddel var dårleg, og at definisjonane for kva eit læremiddel er i opplæringslova, er så uklar at det er lett for skuleeigar å omgå kravet og ta i bruk læremiddel som berre finst på bokmål.

Når regjeringa no skal utarbeide ei ny opplæringslov må denne sikre retten til digitale læremiddel og kontorstøtteprogram betre enn dagens lov. Unntak frå lova må vurderast og grunngjevast særskilt. Retten til eige språk bør ikkje berre gjelde læremiddel. Denne retten bør òg gjelde kontorstøtteprogram, operativsystem og andre digitale hjelpemiddel som er avgjerande for at nynorskelevane får ei like god opplæring som bokmålelevane på sitt eige opplæringspråk. Utan slike krav til operativsystem og kontorstøtteprogram får nynorskelevane eit dårlegare tilbod.

Norske elevar nyttar i dag skriveprogram og andre kontorstøtteprogram utan brukargrensesnitt på nynorsk og utan god nok stavekontroll på nynorsk. Dei nyttar altså hjelpemiddel i skriveopplæringa som fortel dei at det dei skriv er feil, sjølv om det er korrekt nynorsk. Dette kan opplæringslova berre løyse ved at skrive- og andre kontorstøtteprogram får eit klart parallellitetskrav på seg frå norske styresmakter. Om ikkje, gjev utvalet dei store multinasjonale selskapa makt over norsk språkutvikling.

---

## **2 EIN NY NYNORSKPOLITIKK (FREMJA AV MÅLLAGET I KRISTIANSAND)**

---

Den nye språklova opnar for favorisering av nynorsk framfor bokmål. Det er ein situasjon målrørsla må utnytta til å få meir synleg nynorsk for alle. Etter 135 år med jamstelling er tida mogen for å vurdere gamle og nye tiltak for ein framtidretta nynorskpolitikk. Eg trur ikkje det er lovkrav og trass som kan redda nynorsken. Han må heller få breia som det beste alternativet for alle som skriv norsk!

Sidemålsstilen er eit toeggja sverd og er i dag truga av dårleg undervisning, lægre krav og felles karaktersetting. Det verste er at han undergrev nynorsken som hovudmål, særleg i randsonene. Bokmålet breier seg òg frå administrasjonssentra og industribygder langt inn i dei nynorske kjerneområda. Resultatet vert fyrst parallellklassar med bokmål og så byrjar skulemålsrøystingane. Nynorsken kjem i ein vanskeleg forsvarsposisjon og fråfallet i utdanningsløpet er skræmmande høgt.

Liberale fritaksreglar gjer at mange heller ikkje får undervisning i nynorsk. I tillegg legg sidemåls-undervisninga grunnlag for negative kjensler mot nynorsk generelt i samfunnet. Om me fjernar sidemålet vert nynorsk ein innebygd del av norskfaget med vekt på opphav, kultur og mangfald.

Innanfor høgare utdanning er det i dag slik at ein kan krevja eksamensoppgåver parallelt på bokmål og nynorsk. Det kan verka urimeleg at om ein av 200 elever krev nynorsk, så må det lagast to utgåver av oppgåveteksten. Dessutan er det fare for ei dårleg eller unøyaktig omsetting. Grunngevinga for dette kravet verkar urimeleg i dag og bør bytast i noko betre.

Norskopplæring for utlendingar var lenge berre på bokmål. At det no er opna for nynorsk skulle berre mangle, men kvifor stoppa her? Mange utlendingar slit med å forstå norske dialektar og sjølv dei med vestleg bakgrunn og høgare utdanning er skeptiske til nynorsk. Kva om all norskundervisning for utlendingar berre var på nynorsk? Nynorsk skrivast meir ljonært enn bokmål og grammatikken er meir konsekvent. Og så ville dei få med seg variasjonane i talemålet på kjøpet.

Som eit samandrag av denne drøftinga har eg sett opp nokre tiltak for ein meir positiv, realistisk og framtidsretta nynorskpolitikk:

1. Kommunane må krevja bruk av nynorsk for lærarar i nynorskkirnsar for barnehage/skule.
2. Kommunar med minst 20.000 innbyggjarar må ha eit fast tilbod om nynorsk parallellklasse.
3. Skulemålsrøystingar om å byta til bokmål krev 2/3 fleirtal. Elles reint fleirtal.
4. Språkbyte for nynorskelevar kan tidlegast skje på vidaregåande skule. Elles 8. som i dag.
5. Minst 25 % av alt undervisningsmateriell for bokmåselevar i vidaregåande skal vera nynorsk.
6. Nynorsk som valfag for bokmåselevar med tilleggspoeng ved opptak til språkstudie.
7. Minst 25 % av alt eigenutvikla tekstmateriell ved universitet/høgskule skal vera på nynorsk.
8. Alle norskopplæring for innvandrarar skal skje på nynorsk.
9. Alle offentlege system skal vera tospråklege (norsk) og brukarane får sitt språk automatisk.
10. Personleg kommunikasjon (1:1) med det offentlege avgjerast av den einskilde.
11. Nynorskbrukarar kan ikkje nektast å nytta eige skriftspråk i sitt daglege arbeid.

## SAK 7 ØKONOMISAKER

---

Dagleg leiar Gro Morken Endresen legg fram økonomisakene.

Denne saka inneheld tre vedtakspunkt:

- 10.1 Frikjøp av leiar/styremedlemer for 2022–2024
- 10.2 Årspengar for 2022 og 2023
- 10.3 Budsjett for 2021 og 2022

### ØKONOMISKE STYRINGSVERKTØY

Desse styringsverktøya er planlagde for den toårige landsmøteperioden:

- ✓ *Budsjett* for to år blir vedteke av landsmøtet.
- ✓ *Revidert driftsbudsjett* blir vedteke av styret år for år.
- ✓ *Prognose* blir lagd fram for styret til orientering og som grunnlag for eventuelle åtgjerder. Prognosen er resultatet av kjende tal for den delen av året som er gått, kombinert med ei vurdering av sannsynleg utvikling resten av året.
- ✓ *Driftsresultat* per førre månad blir lagt fram for styret saman med prognosen. Rekneskapstala blir jamførte med driftsbudsjett og året før.
- ✓ *Årsrekneskap* blir godkjend av landsmøtet i samsvar med § 5.1 i lov for Noregs Mållag.
- ✓ *Prosjektbudsjett* som identifiserer inntekter og kostnader for dei ulike tiltaka og planane som skal gjennomførast.
- ✓ *Tiltak i arbeidsprogrammet* må dermed talfestast i kostnader og inntekter så langt råd er. Arbeidet med slik prosjektbudsjettering kan fyrst ta til etter at landsmøtet har vedteke arbeidsprogrammet. Det reviderte budsjettet som styret vedtek, blir dermed det viktigaste grunnlaget for den økonomiske drifta av organisasjonen.

Konsekvensen av å bruka desse økonomiske styringsreiskapane er at det er både ynskjeleg og naudsynt at budsjettdrøftinga på landsmøtet rettar seg mot dei overordna måla og tala. Landsmøtet

vedtek dermed eit rammebudsjett med visse resultatkrav, som det blir styret si oppgåve å realisera innanfor dei føresetnadene som er stilte.

Driftsåret i eit ordinært landsmøteår ser slik ut:

Februar/mars: Styret vedtek tilråding av budsjett for dei neste to åra for landsmøtet.

April: Landsmøtet vedtek budsjett for dei neste to åra, i tråd med § 5.1 i lov for Noregs Mållag

Mai/juni: Styret får driftsresultat per april og prognose til orientering, og gjer eventuelle vedtak om tiltak.

August/september: Styret får driftsresultat per juli og prognose til orientering og gjer eventuelle vedtak om tiltak.

Nov./desember: Styret får driftsresultat per oktober og prognose til orientering og gjer eventuelle vedtak om tiltak. Styret vedtek også revidert budsjett for neste arbeidsår med grunnlag i arbeidsprogrammet og prognosen for inneverande år.

Mars: Styret avsluttar arbeidet med rekneskapen for året før.

April: Landsmøtet godkjenner rekneskapen for dei to førre åra.

I oddetalsår er det ikkje landsmøte, og rekneskapen vil då bli vedteken i styret og lagd fram for neste ordinære landsmøte.

## 7.1 FRIKJØP AV LEIAR/STYREMEDLEMER FOR 2022–2024

---

Landsmøtet i 1991 opna for frikjøp av leiar e.a. gjennom denne merknaden til budsjettet for 1992:

På lønsbudsjettet vil det bli gitt rom for løna leiar/frikjøp av leiar. Desse midlane blir brukte til frikjøp av leiar, andre styremedlemmer og eventuelt andre, etter vedtak i styret.

I 2007 vedtok landsmøtet:

*Landsmøtet bed styret om å på landsmøtet i 2008 innstilla på leiarløn både for perioden 2008–2009 og 2009–2010. For seinare landsmøte skal vedtak om leiarløn vera ein del av det budsjettet som landsmøtet har oppe til vedtak, slik at landsmøtet i 2009 vedtek leiarløn for april 2010 til april 2011.*

Denne ordninga har sidan vore brukt på ulike måtar. Både for valnemnda og for den som blir vald som leiar, er det naudsynt at rammevilkåra for leiaren er klåre for kvar funksjonsperiode. Summen i budsjettet bør vera ei maksimalramme, og styreleiaren står fritt til å ta ut honorar for ein mindre brøk enn 1/1 stilling. Det er heller ikkje sjølvstakt at frikjøpssummen for styreleiar skal vera identisk med løn til dagleg leiar. Behov, kompetanse, arbeidsmengd og arbeidsfordeling kan skifta. Styret legg til grunn for innstillinga si til landsmøtet, at leiaren vert frikjøpt med utgangspunkt i den løna vedkomande har i den ordinære stillinga si. Styret ynskjer likevel å leggja løna rimeleg høgt, ut frå ei vurdering av det ansvaret og den arbeidsbyrda som ligg til leiaren i Noregs Mållag. Det føreslegne lønsspennet representerer difor styret si vurdering av kva som bør vera lågaste og høgaste moglege lønsinnplassering for dei komande arbeidsåra.

Det er i alle høve landsmøtet som må fastsetja den årlege summen. Løna til dagleg leiar er lønssteg 73 som frå 01.05.2019 er kr 679 000.

Dersom andre styremedlemer skal frikjøpast, legg styret til grunn at dei vert frikjøpte i den løna dei har, men med same maksimumsløn som leiaren.

Landsmøtet i 2018 gjorde vedtak om å setja av lønsmidlar til frikjøp av styreleiar for perioden 2020–2022 i full stilling i lønssteg 60–75.

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Til frikjøp av styreleiar i landsmøteperioden 2022–2024 vert det sett av lønsmidlar i inntil full stilling i lønssteg 62–77 i statsregulativet. Frikjøp skal skje ut frå eiga løn og vidare følgja den ålmenne lønsutviklinga i staten.*

---

## 7.2 ÅRSPENGAR FOR 2022 OG 2023

---

Årspengane for 2020 og 2021 er sette til 300 kroner. Landsmøtet skal fastsetja årspengar for 2022 og 2023. Fastsetjing av årspengar er regulert i lov for Noregs Mållag § 4.6:

*Noregs Mållag har faste årspengesatsar som vert vedtekne på kvart landsmøte. Familiemedlemer og lag som også er med i Noregs Ungdomslag betalar halve årspengar. Medlemer i yrkesmållag som også er med i lokallag, svarar ikkje sentral kontingent gjennom yrkesmållaget. Heidersmedlemer i Noregs Mållag svarar ikkje kontingent til samskipnaden.*

§ 3.2 seier dette om årspengar frå Norsk Målungdom:

*Norsk Målungdom svarar ei - 1 - krone for kvar medlem til Noregs Mållag.*

Landsmøtet skal også vedta tilrådd sats for lokallaga og fylkeslaga, og denne gongen føreslår styret at baa dei tilrådde satsane aukar noko for å styrkja inntektene til laga.

Årspengar - nominell og reell auke 2007–2023

År	Nom kr	2015-kr	Konsumprisindeks
<b>2023</b>	<b>300</b>	<b>250</b>	<b>120,0</b>
<b>2022</b>	<b>300</b>	<b>255</b>	<b>117,7</b>
2021	300	260	115,4
2020	300	265	113,1
2019	290	262	110,8
2018	290	268	108,4
2017	290	275	105,5
2016	290	280	103,6
2015	280	280	100
2014	280	286	97,9
2013	280	292	95,9
2012	280	298	93,9
2011	280	300	93,3
2010	270	293	92,1
2009	270	300	89,9
2008	270	307	88,0
2007	260	307	84,8

MERK: Tabellen syner nominell og reell kroneverdi ut frå framlegget til medlemspengesats. Prognose for åra 2020–2022: 2,3 % prisauke kvart av åra. Prognose for 2023 ligg ikkje føre og er også stipulert til 2,3 %. Det er ikkje teke omsyn til at lønsauken og dermed dei røynlege utgiftene for Noregs Mållag er større enn prisauken.

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Årspengane for 2022 og 2023 blir sette til 300 kroner i ordinær sentralsats. Tilrådd fylkessats er 40 kroner og tilrådd lokallagsats er 60 kroner.*

---

### 10.3 BUDSJETT FOR 2021 OG 2022

Tal i 1000 kroner, oversyn over kostnadene følger på neste side. Kva som løyner seg attom dei ulike postane, kan ein få god oversikt over i årsmeldinga, der postane er kommenterte saman med presentasjonen av rekneskapen.

	REKN 18	REKN 19	LM- vedtak BUD 20	STYRE- REV BUD 20	FRAML. BUD 21	FRAML. BUD 22
<b>INNETEKTER</b>						
Sal av materiell	107	77	130	80	90	100
Norsk Tidend	35	60	80	70	70	70
Adventskalender/lotteri	166	186	110	230	250	250
Medlemspengar	4 013	4 253	4 200	4 350	4 350	4 400
Prisar og stipend	120	120	120	120	120	120
Landsmøte	973	0	900	900	0	1030
Møte-/seminarinntekter	15	93	50	50	70	40
Tenestosal	0	9	5	5	5	5
Målgåver	1 547	1 723	1 270	1 450	1 500	1 500
Statstilskot	5 355	5 491	5 610	5 540	5 750	5 860
Tilskot Utdanningsdirektoratet	145	0	100	0	0	0
Løyvingar, gåver, sponsorinnt.	0	150	50	50	50	75
Prosjekt i fylkeslaga	577	686	650	650	550	550
Leige- og kontorinntekter	226	226	230	226	230	230
Uttak av varer	0	0	20	10	10	10
Mva-refusjon	481	428	450	450	450	450
Ymse	213	357	80	110	130	130
<b>Sum inntekter</b>	<b>13 973</b>	<b>13 859</b>	<b>14 055</b>	<b>14 391</b>	<b>13 625</b>	<b>14 820</b>



<b>UTGIFTER</b>						
Materiell for sal	69	80	80	100	90	100
Norsk Tidend	756	762	860	820	830	850
Andre trykkjekostnader	200	91	130	120	110	110
Adventskalender/lotteri	144	123	70	140	130	130
Refusjon medlemspengar	880	924	880	930	930	930
Løn og honorar	5 710	5 928	6 000	6 100	6 200	6 300
Tenestosal	0	0	2	0	0	0
Husleige, straum	1 093	1 140	1 190	1 190	1 200	1 250
Presseklypp, komm.tenester	76	80	80	80	80	85
Prisar og stipend	163	192	180	180	180	180
Drifts- og kontorutgifter	1 314	2 075	1 450	1 500	1 500	1 500
Landsmøte	1 281	0	1 170	1 200	0	1300
Seminar, konferansar og arr.	88	305	190	190	300	200
Styre-/landsrådsmøte	193	188	190	190	200	220
Andre reise/møteutgifter	235	252	220	220	220	230
Prosjekt i fylkeslaga	677	686	650	650	550	550
Løyvingar, gåver	59	41	30	65	70	70
Løyving til NMU	200	350	350	350	350	350
Målpol. sats.felt 1: skulemål	90	150	150	150	150	150
Målpol.sats.felt 2 Barn og unge	16	4	30	30	30	30
Målpol. sats. 3: Off. målbruk	45	0	40	30	30	30
Kampanje for digitale læremiddel		11	0	10	30	30
Nynorskstafetten	73	309	120	120	150	150
Organisasjonstiltak	264	322	300	300	300	300
Avskrivningar, tap på krav	4	1	5	5	5	5
<b>Sum utgifter</b>	<b>13 630</b>	<b>14 014</b>	<b>14 367</b>	<b>14 670</b>	<b>13 655</b>	<b>15 070</b>
<b>Resultat før finanspostar</b>	<b>76</b>	<b>-155</b>	<b>-312</b>	<b>-279</b>	<b>-30</b>	<b>-250</b>
<b>FINANSPOSTAR</b>						
Utbyte	12	6	20	20	10	10
Finansinntekter	62	68	75	75	75	75
Finansutgifter	-39	-64	-35	-35	-40	-40
<b>Sum finanspostar</b>	<b>35</b>	<b>10</b>	<b>60</b>	<b>60</b>	<b>45</b>	<b>45</b>
<b>Ekstraordinære inntekter</b>	<b>-</b>	<b>75</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
<b>RESULTAT</b>	<b>378</b>	<b>-70</b>	<b>-252</b>	<b>-219</b>	<b>15</b>	<b>-205</b>

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Landsmøtet godkjenner budsjetta for 2021 og 2022 som er lagde fram med årsresultat på 15' kr og -205' kr.*

## SAK 8 INNKOMNE FRAMLEGG

---

Utdrag frå paragraf 5.3:

Når lokallag og fylkeslag (ved styre eller medlemsmøte) sender inn grunngjevne framlegg (lovbrigde, fråsegner og andre saker), og dei er styret i hende seinast to månader før fyrste landsmøtedagen, har styret plikt til å føra sakene opp på saklista, men det er landsmøtet som fastset saklista endeleg. Landsmøtet kan stryka saker frå saklista med vanleg fleirtal. Landsmøtet avgjer med vanleg fleirtal om det vil ha føre fråsegner som kjem inn etter fristen.

**Det har kome eitt framlegg, frå Odda Mållag.**

### FRAMLEGG FRÅ ODDA MÅLLAG

---

**Tiltak for å styrkja økonomien til fylkeslaga:**

- 1: Halvparten av den summen som kjem inn i målgåver til Noregs Mållag, skal gå attende til fylkeslaga.
- 2: Målgåver som går direkte til fylkeslaget, skal òg gje grunnlag for skattefråtrekk for gjevaren. Skrivarstova i Noregs Mållag får ordninga på plass i 2020.

### VURDERING FRÅ STYRET NÅR DET GJELD FYRSTE DEL AV VEDTAK I FRAMLEGG FRÅ ODDA MÅLLAG:

---

Noregs Mållag har forståing for at fleire fylkeslag kan ynskja seg romslegare økonomi. Samstundes er Mållaget organisert slik at ein del fellesfunksjonar som tener heile organisasjonen, er lagt til sentrallekken. Det gjeld t.d. medlemspengeinnkrevjing, medlemsregister og ein del informasjons- og tilretteleggingsarbeid. Politisk utgreiings- og påverknadsarbeid kviler også i hovudsak på sentrallekken og vi skipar til ulike seminar og opplæringstilbod for aktivistar / framtidige tillitsvalde.

Det er også i dag ein del direkte og indirekte overføringar til organisasjonen, ikkje alle ressursar kjem primært sentrallekken til gode. I vinter gjekk 924' kroner ut i medlemspengar til fylkes- og lokallag, basert på fjoråret. I 2019 brukte vi mellom anna 363' i tilskot til organisasjonstiltak og andre typar løyvingar, 252' på ulike reiser, 309' på nynorskstafetten og 305' på diverse seminar. Det meste av materiellproduksjonen vår er også retta mot laga og er gratis tilgjengeleg, med løns- og trykkjekostnader betalt sentralt.

Skrivarstova har alltid vore nøktern i Mållaget. Sentralt er det i dag 6,8 årsverk attåt frikjøpt leiar, akkurat same nivået som for 20 år sidan. I denne perioden har organisasjonen vorte større og det er fleire/nye oppgåver som skal løysast. Andre organisasjonar vi kjenner til på om lag same

storleiken som oss sjølve, har ein sentral administrasjon på minst 10 personar. Eit så stort inngrep i det sentrale budsjettet kan vanskeleg løysast utan å redusera talet på tilsette sentralt. Styret ynskjer å prioritera faste, heile stillingar og ser det som ei uheldig løysing å nedbemanna på skrifvarstova.

Budsjettet for dei neste to åra ligg også i dette saksheftet og skal handsamast på landsmøtet. Som det går fram av dokumenta, ventar ikkje styret å kunna gå med overskot i desse åra. Til grunn for dei budsjetta ligg kontorlokala vi har i dag og at det noverande aktivitetsnivået vert vidareført.

Vi reduserer kostnader på ein del felt, t.d. gjennom å gå over til fleire elektroniske løysingar der vi før har måtta bruka pengar på papir og porto. Like fullt blir slike innsparingar stort sett henta inn att på andre postar, mellom anna fordi alle tenester vi kjøper som inkluderer lønskostnader, stiger jamt. Dermed blir IT-tenester, vedlikehald av medlemsregister, revisjon, kontorlokale og reisekostnader dyrare for kvart år.

Noregs Mållag er oppteke av å bruka pengane våre best mogleg og har både innsparingar og nye inntekter i tankane i det daglege arbeidet. Styret oppmodar også fylkeslaga om å tenkja over om det finst stader å venda seg eksternt.

## TIL PUNKT 2 I FRAMLEGGET

---

Den etterlyste ordninga for å få eige KID-nummer og kunna senda sine eigne målgåvegiroar med skattefrådrag, er på plass i medlemsregisteret før landsmøtet og kan nyttast av alle fylkeslaga. Når ein bed om det, vil ein få tilsendt lister med KID-nummer som ein kan bruka knytt opp mot dei personane ein ynskjer å senda giro til.

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*1 Landsmøtet vil halda fram med ordninga der målgåver betalte til Noregs Mållag blir verande sentralt til å dekkja kostnadene med å driva arbeidet sentrallekken står for, til støtte for heile organisasjonen.*

*2 Landsmøtet er glad for at skrifvarstova har fått på plass ei ordning der fylkeslaga kan få sitt eige KID-nummer slik at fylkeslaga kan senda ut eigne gåvegiroar som også gjev grunnlag for skattefrådrag.*

---

## SAK 9 FRAMLEGG TIL LOVENDRING

---

### **Styremedlem Anders Riise innleier om framlegget til lovendring.**

Framlegg til nye lovparagrafar, som i tilfelle blir nytt kapittel IX (og forskuving av noverande kapittel IX og X til høvesvis X og XI).

#### **§ 9.1 Låneopptak og opptak av garantiar i samband med drift av Noregs Mållag**

Styret har høve til å ta opp lån til kjøp av kontorlokale eller stilla garantiar i samband med drifta av Noregs Mållag.

Samla lån skal ikkje overstiga NOK 20 000 000.

Samla garantiansvar skal ikkje overstiga NOK 400 000.

Maksimal løpetid for ovannemnde lån er inntil 25 år nedbetaling.

#### **§ 9.2 Trygd**

Eigne eigedomar kan stillast som trygd for lån og garantiar med inntil NOK 20 000 000. Noregs Mållag kan også nytta kontantdepot som trygd for lån og garantiar med inntil NOK 500 000.

#### **§ 9.3 Fullmakter**

Dagleg leiar i Noregs Mållag har fullmakt til å tinga med aktuelle bankar om pris på lån og garantiar. Dagleg leiar har også fullmakt til å signera låneavtalar, avtalar om garantistilling og avtalar om pantsetjing av eigedomar eigd av Noregs Mållag og gjera avtale om kontantdepot, etter vedtak i styret.

## GRUNNGJEVING

---

Norske bankar strammar inn regelverket, og Noregs Mållag har fått melding om at vi frå 2020 ikkje vil ha høve til å stilla garanti for lotterivinstar o.l. eller å ta opp lån utan å ha eit vedtak / ei fullmakt i ryggen frå landsmøtet. Dette kan skapa vanskar for oss i dag på båe felta, ut frå dei signala landsmøtet tidlegare har gjeve gjennom andre former for vedtak.

## 1 LOTTERIGARANTI

I dag lagar vi ein adventskalender med vinstar, som både laga kan selja og som vi sel sentralt. Det er eit krav frå Lotteritilsynet at vi må stilla garanti for vinstane for å få løyve til å gjennomføra lotteriet. Med andre ord kan vi ikkje laga til ein slik kalender for sal komande år, utan eit landsmøtevedtak om at vi kan stilla den garantien som er kravd.

## 2 LÅN

I det gjeldande arbeidsprogrammet har organisasjonen vedteke at "Styret har fullmakt til å arbeida for at organisasjonen skal koma i eige hus." Bakgrunnen for det vedtaket, er at vi har tru på at det er ei langsiktig klok investering å kjøpa kontorlokale, for så å betala ned på eige lån i staden for å betala lånet for ein annan huseigar. Det vil langt fram i tid sikra oss større verdier i eigenkapital enn det vi kan greia å spara til på annan måte.

Framlegget til lånesum på 20 millionar kroner er ut frå ei vurdering av husleigekostnaden vi har i dag. Hadde vi teke opp eit lån i år, kunne vi ha lånt rundt 16 millionar og enda opp med den same årlege utgifta til kontorlokale som vi har no når vi leiger, med ei nedbetalingstid på 25 år. Nett no har vi leigeavtale ut 2023, så eit kjøp er mest aktuelt litt fram i tid. Då vil husleiga også ha gått opp, og ein sum til samanlikning er etter beste vurdering frå vår side truleg rundt 20 millionar kroner. Så vil sjølvsagt alle slike vurderingar også vera avhengig av lånerenta. Det er vanskeleg å spå om, men korkje styret eller banken vår har interesse av at vi tek på oss årlege utgifter som vi ikkje har råd til å betala innanfor dagens aktivitetsnivå.

## 10 VAL

---

**Leiar Peder Lofnes Hauge legg fram innstillinga på ny valnemnd for 2020–2022 og revisor for 2020 og 2021.**

Denne saka inneheld to vedtakspunkt:

10.1 Val av valnemnd

10.2 Val av revisor

---

### 10.1 VAL AV VALNEMND

---

Valnemnda for 2018–2020 har vore:

leiar	Kirsti Lunde	
medlem	Marit Krogsæter	
medlem	Helen Johannessen	
medlem	Sigbjørn Hjelmbrække	
medlem	Åsmund Kvifte	vald av NMU
1. vara	Pål Julius Skogholt	
2. vara	Else Berit Hattaland	
3. vara	Peder Sjo Slettebø	
1. vara	Svein Soldal Eggerud	vald av NMU
2. vara	Øystein Sandve	vald av NMU

Framlegg frå styret til ny valnemnd for 2020 til 2022:

leiar	Helen Johannessen	
medlem	Åsmund Kvifte	
medlem	Else Berit Hattaland	
medlem	Øyvind Fenne	
medlem	Håkon Remøy	vald av NMU

- |         |                      |             |
|---------|----------------------|-------------|
| 1. vara | Hege Myklebust       |             |
| 2. vara | Ola Haugen Havrevoll |             |
| 3. vara | Liv Eldegard Talle   |             |
|         |                      |             |
| 1. vara | Svein Soldal Eggerud | vald av NMU |
| 2. vara | Anna Lovise Rekdal   | vald av NMU |

---

#### OM VALNEMNDSKANDIDATANE:

---

**Helen Johannesen** er 65 år og bur på Hamar. Ho kjem frå Fosnavåg og arbeider som høgskulelektor ved Høgskulen på Vestlandet i Bergen. Ho er leiar i Austmannalaget.

**Åsmund Kvifte** er 27 år, og bur på Ås og er doktorgradsstipendiat ved Norsk institutt for bioøkonomi. Han har vore sentralstyremedlem i Norsk Målungdom i fleire periodar.

**Else Berit Hattaland** er 46 år og bur på Klepp. Ho kjem frå Klepp og arbeider som økonomisjef hjå Nordsjø Media AS. Ho har tidlegare vore nestleiar i Rogaland Mållag og leiar i Klepp Mållag.

**Øyvind Fenne** er 68 år, pensjonert lærar og bur i Elnesvågen. Leiar i Romsdal Mållag og tidlegare varamedlem til styret i Noregs Mållag i fleire periodar.

**Hege Myklebust** er 50 år og bur på Stord. Ho er førsteamanuensis ved Høgskulen på Vestlandet på Stord. Ho var leiar i Noregs Mållag frå 2006 til 2009 og er no leiar i Stord Mållag.

**Ola Haugen Havrevoll** 35 år og bur i Trondheim. Han er stipendiat ved NTNU og leiar i Nidaros mållag.

**Liv Eldegard Talle** er 55 år og bur i Oslo. Ho arbeider i Oslo kommune og er tidlegare leiar i Oslo Mållag.

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Landsmøtet vel valnemnd for perioden 2020–2022 i tråd med innstillinga frå styret.*

---

---

#### 10.2 VAL AV REVISOR

---

---

*Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:*

*Landsmøtet vel Vekst revisjon til revisor for rekneskapsåra 2020 og 2021.*

---

### 1 LOV FOR NOREGS MÅLLAG

*Vedteken 21. juli 1978, med brigde frå 26. juli 1980, 29. juli 1982, 28. juli 1983, 25. juli 1985, 30. juli 1987, 30. juli 1988, 26. juli 1992, 31. juli 1993, 28. juli 1995, 27. juli 1996, 26. juli 1997, 25. juli 1998, 31. juli 1999, 30. juli 2000, 29. juli 2001, 28. april 2002, 25. april 2004, 30. april 2006, 29. april 2007, 27. april 2008 29. april 2012, 21. april 2013 og 17. april 2016.*

#### I FØREMÅL

§ 1.1 Noregs Mållag vil arbeida for å gjera den norske målreisingstanken til røyndom.

#### II SAMSKIPNADEN

§ 2.1 Noregs Mållag er landssamskipnaden for laga i målrørsla. Eit mållag skal ha minst 10 medlemmer.

§ 2.2 I Noregs Mållag kan den vera med som vil arbeida for målreisinga i samsvar med prinsippprogrammet og lova for samskipnaden.

§ 2.3 I regelen skal einskildlaga innanfor ein landslut samarbeida i eit fylkesmållag. Fylkesgrensene skal så langt råd samsvara med fylkesgrensene i Noreg. Ingen av dei noverande fylkeslaga i Noregs Mållag kan slåast saman eller delast mot deira eigen vilje. Fylkesmållaga må godta lova for Noregs Mållag, og grensene for desse laga skal vera godkjende av landsmøtet i Noregs Mållag. Eit fylkesmållag skal ha minst 3 lag.

§ 2.4 Yrkesmållag som er skipa for heile landet, kan vera med i Noregs Mållag når dei godtek lova for samskipnaden. Har eit slikt lag minst 3 einskildmållag, kan det få same rettane i Noregs Mållag som fylkesmållaga, etter vedtak på landsmøtet.

§ 2.5 Der det ikkje er fylkesmållag, kan einskildlag takast opp beinveges i landssamskipnaden. Landsmøtet avgjer slike saker etter tilråding frå styret.

§ 2.6 Folk som bur slik til at dei ikkje har høve til å vera med i eit mållag, kan verta beinveges innmelde i Noregs Mållag gjennom fylkeslaget.

§ 2.7 Noregs Mållag kan til vanleg ikkje meldast inn i ein annan samskipnad. Noregs Mållag kan vera med i internasjonale samskipnader som har tilsvarande føremål som Noregs Mållag. Innmeldinga skal skje etter vedtak gjort av landsmøtet.

§ 2.8 Samskipnaden heiter Noregs Mållag på norsk, Nøørjen Giëlesiebrre på sørsamisk, Vuona Giellasiëbrre på lulesamisk, Norgga Giellasearvi på nordsamisk og Norjan Kielijoukko på kvensk.

#### III NORSK MÅLUNGDOM

§ 3.1 Norsk Målungdom er ungdomsorganisasjonen til Noregs Mållag. Einskildlag i NMU er einskildlag i Noregs Mållag, men NMU gjer egne vedtak om tuft, arbeidsprogram og lover som laga i NMU arbeider etter. Desse vedtaka kan ikkje stri mot det breie grunnlaget som ligg i lovene og prinsippprogrammet til Noregs Mållag. Dette grunnlaget er sams for dei to organisasjonane.

§ 3.2 Norsk Målungdom svarar ei -1- krone for kvar medlem til Noregs Mållag.

§ 3.3 Landsmøtet til Norsk Målungdom vel ein representant til styret og ein representant til valnemnda i Noregs Mållag, begge med personlege varafolk. Vala skjer for eitt år i gongen.



§ 3.4 Tilhøvet mellom NM og NMU er nærare ordna gjennom samarbeidsavtalen.

#### **IV PLIKTER**

§ 4.1 Når eit lag er med i Noregs Mållag, har det skyldnad til, så langt det evnar, å gjera røyndom av dei måla samskipnaden set opp i prinsippprogram og arbeidsprogram.

§ 4.2 Fylkeslaga, dei beinveges innmelde laga og yrkesmållaga skal syta for å få lovene sine godkjende av Noregs Mållag. I tilfelle det er usemje innan styret i Noregs Mållag om godkjenning, skal saka leggjast fram for landsmøtet til avgjerd.

§ 4.3 Fylkesmållaga og yrkesmållaga skal senda melding til styret i Noregs Mållag om nyskipa og oppattskipa lag. Det same gjeld Norsk Målungdom.

§ 4.4 Alle laga skal på føreskriven måte senda årsmelding og andre meldingar om arbeidet sitt til styret i Noregs Mållag innan dei fristar styret fastset.

§ 4.5 Noregs Mållag fører medlemslistene for lokallag og fylkeslag, og pliktar å senda ut desse med jamne mellomrom. Laga pliktar å kontrollera dei og senda inn tillegg og rettingar.

§ 4.6 Noregs Mållag har faste årspengesatsar som vert vedtekne på kvart landsmøte. Landsmøtet tilrår ein lokal- og fylkessats. Årspengane vert kravde inn av Noregs Mållag sentralt, men dei laga som bed om det, har høve til å krevja inn årspengane sjølve. Familiemedlemer betaler halv sentralsats. Lag som også er med i Noregs Ungdomslag krev inn årspengane sjølve og betaler halv sentralsats. Medlemer i yrkesmållag som også er med i lokallag, svarar ikkje sentral sats gjennom yrkesmållaget. Heidersmedlemer i Noregs Mållag svarar ikkje årspengar til samskipnaden. Noregs Mållag skal innan 1. mars betala ut lokallags- og fylkeslagssatsen for årspengar som er betalte inn året før. Lag med lokal innkrevjing skal innan same dato betala årspengar for året før til fylkeslaget og Noregs Mållag sentralt.

#### **V LANDSMØTET**

§ 5.1 Noregs Mållag held landsmøte annakvart år. Landsmøtet fastset saklista. Kvart fjerde år vert det vedteke eit langtidsarbeidsprogram for Noregs Mållag. Landsmøtet kan likevel vedta særskilt hovudoppgåve for komande toårsperiode.

Kvart landsmøte skal likevel ha føre desse sakene:

- a) årsmelding for siste landsmøteperioden
- b) årsoppgjer for dei to førre kalenderåra, med ettersynsmelding
- c) budsjett for dei komande to åra
- d) årspengar for dei to åra etter komande året
- e) val i samsvar med lova

§ 5.2 Omframnt landsmøte vert halde etter vedtak i styret, eller når det blir kravt av så mange lag at representasjonsretten deira svarar til ein tredel av dei som har møterett på landsmøtet. På slike landsmøte kan det ikkje gjerast vedtak i andre saker enn den/dei som var årsak til innkallinga.

§ 5.3 Innkallinga til landsmøtet skal styret senda ut skriftleg til einskildlaga, fylkesmållaga og Norsk Målungdom seinast tre månader før fyrste landsmøtedagen. Framlegg til sakliste og krav om å senda inn den landsmøteavgifta som styret har fastsett, skal sendast saman med innkallinga. Sakspapir, medrekna tilrådinga frå valnemnda, skal vera utsende minst ein månad før møtet. Når lokallag og fylkeslag (ved styre eller medlemsmøte) sender inn grunngevrne framlegg (lovbrigde, fråsegner og andre saker), og dei er styret i hende seinast to månader før fyrste landsmøtedagen, har styret plikt til å føra sakene opp på saklista, men det er landsmøtet som fastset saklista endeleg. Landsmøtet kan

stryka saker frå saklista med vanleg fleirtal. Landsmøtet avgjer med vanleg fleirtal om det vil ha føre fråsegner som kjem inn etter fristen.

§ 5.4 Utsendingar til landsmøtet skal som regel veljast på årsmøtet til laget. Årsmøtet kan gje styret eller eit lagsmøte fullmakt til å velja utsendingar. Valet skal då kunngjerast i innkallinga til møtet. Utsendingane må vera medlemer i det lokallaget dei er valde som utsending for, jfr 5.5.

§ 5.5 Einskildlaga med frå 10 til 50 betalande medlemer for førre kalenderår kan senda 1 utsending til landsmøtet, lag med frå 51 til 100 medlemer kan senda 2 utsendingar, og større lag kan senda 1 utsending for kvart påbyrja 100 medlemer, opp til 10 utsendingar. Fylkesmållag med opptil 300 medlemer kan senda 2 utsendingar. Større fylkesmållag kan senda 1 utsending for kvart påbyrja 300 medlemer, opp til 10 utsendingar. For Norsk Målungdom gjeld same reglane som for fylkesmållag.

§ 5.6 Røysterett på landsmøtet har styremedlemene i Noregs Mållag, utsendingar frå Norsk Målungdom, fylkesmållag og einskildlag som har sendt årsmelding og årspengar for siste året og betalt landsmøteavgift. Landsmøtet kan vedta at nyskipa lag som har betalt landsmøteavgift, skal ha ein utsending med røysterett. Kvar utsending har ei - 1 - røyst.

§ 5.7 Berre talerett på landsmøtet har utsendingar frå lag som ikkje har sendt årsmelding og årspengar for siste året.

## **VI STYRET MED ARBEIDSUTVAL OG ETTERSYN**

§ 6.1. Noregs Mållag har eit styre på 7 medlemer og 4 varamedlemer, valde av landsmøtet. Alle vert valde for to år. 1 av styremedlemene med personlege varafolk vert vald av landsmøtet i Norsk Målungdom, jf § 3.3. Styret har øvste ansvaret for samskipnaden mellom landsmøta. Dersom ein tillitsvald vald av landsmøtet i eit særskilt ombod ikkje kan stetta funksjonane han/ho er vald for, kan styret velja ein ny person i ombodet mellom dei landsmøtevalde.

§ 6.2 Styret kan ha eit arbeidsutval på 3 medlemer, leiar og nestleiar skal i så fall vera mellom desse. Styret fastset arbeidsføresegner for AU. Styret skal ha minst 6 møte i året.

§ 6.3 Styret er vedtaksført når minst 5 er til stades, av desse minst 3 styremedlemer.

§ 6.4 Styret kan setja ned arbeidsutval og råd for ymse arbeidsområde og tilsetja tenestefolk som det ikkje ligg til landsmøtet å velja. Styret skal fastsetja instruks for dei tilsette.

§ 6.5 Noregs Mållag skal ha eit landsråd samansett av leiaren, nestleiarane, fylkesleiarane, leiaren i Norsk Målungdom, 1 representant for yrkesmållaga vald på fellesmøte mellom styra i dei og 1 frå Norsk Målungdom vald på deira landsmøte. Nestleiarane i fylkesmållaga, Norsk Målungdom og 1 representant for yrkesmållaga er varafolk til landsrådet. Landsrådet skal vera eit drøftings- og planleggingsorgan for samskipnaden og eit rådgjevande organ for styret. Landsrådet skal normalt ha eitt møte i året.

§ 6.6 Ettersyn skal veljast på kvart landsmøte.

§ 6.7 Året før kvart stortingsval skal styret leggja fram ein arbeidsplan for å påverka dei politiske partia i valåret. Denne planen bør vera drøfta på rådleggingsmøte med utsendingar for fylkeslaga og Norsk Målungdom.

§ 6.8 I alle landsmøtevalde organ skal begge kjønn vera med. Har eit styre eller ei nemnd 5 medlemer eller fleire, skal begge kjønn vera representerte med minst 40 %.

## **VII VALNEMNDA**

§ 7.1 Etter tilråding frå styret i Noregs Mållag vel kvart landsmøte ei valnemnd på 5 medlemmer med 3 varamedlemmer. Leiar for nemnda vert vald særskilt. Nemnda sit til neste landsmøte. Ein av medlemmene med personlege varafolk skal vera vald av landsmøtet i Norsk Målungdom, jf § 3.3.

§ 7.2 I arbeidsbolken førebur valnemnda vala på landsmøtet. Nemnda oppmodar fylkesmållaga, einskildlaga og medlemmene om å koma med framlegg til valet. Nemnda må ha ferdig tilrådinga seinast seks veker før landsmøtet.

## **VIII LAGSBRUK**

§ 8.1 Dei fylkeslaga og einskildmållaga i Noregs Mållag som eig, driv eller har partar eller luter i forretningstiltak som ikkje kjem inn under lagsrekneskapen, betalar kvart år eit tilskot - lagsbruksavgift - til organisasjonen. Tilskotet skal fastsetjast som del av omsetnaden. Nærare reglar er fastsette i "Føresegner for lagsbruk".

§ 8.2 Lagsbruk skal nytta nynorsk i verksemda si.

## **IX TRYGGING AV EIGA**

§ 9.1 Lag som er med i Noregs Mållag må alltid disponera eiga i samsvar med laget sitt eige føremål og det føremålet som gjeld for laget som medlem i Noregs Mållag.

§ 9.2 Ved nedlegging av eit lag, gjeld dei reglar laget sjølv har vedtektsfesta om dette, likevel slik at eiga alltid må disponerast i samsvar med føremålet slik det er fastsett etter denne lova § 9.1.

§ 9.3 Dersom vedtektene til laget ikkje har reglar om nedlegging, men laget like fullt må reknast som nedlagt, skal Noregs Mållag ta vare på eiga til laget til dess det vert skipa eit nytt lag på same stad og/eller med same føremål. Dersom slikt lag ikkje er skipa innan 5 år frå Noregs Mållag tok over ansvaret for eiga, skal Noregs Mållag disponera eiga til beste for målarbeidet på staden det nedlagte laget verka og/eller i samsvar med føremålet til det nedlagte laget.

§ 9.4 Eit lag skal alltid reknast som nedlagt når laget ikkje har levert årsmelding innan den fastsette fristen dei tre siste åra.

§ 9.5 Dersom eit lag vert nedlagt i strid med dei reglar som gjeld for nedlegging av laget, eller skiftar føremål slik at laget ikkje lenger kan stå som medlem i Noregs Mållag, gjeld § 9.3. i denne lova tilsvarende. Det same gjeld dersom laget disponerer eiga i strid med § 9.1. Dersom eit lag vedtek å melda seg ut av Noregs Mållag med 2/3 fleirtal på to ordinære årsmøte etter kvarandre, gjeld ikkje § 9.3., så lenge laget ikkje skiftar føremål.

§ 9.6 Kostnadene Noregs Mållag har ved å ta hand om eiga til eit lag, skal dekkjast av eiga det vert teke hand om.

§ 9.7 Ankesaker med grunnlag i avgjerder under §§ 9.1 – 9.6 skal avgjerast med endeleg verknad av landsmøtet i Noregs Mållag.

§ 9.8 Dersom Noregs Mållag blir lagt ned, skal alle aktiva Noregs Mållag rår over gå til føremålet til organisasjonen.

## **X LOVBRIGDE**

§ 10.1 Denne lova kan landsmøtet brigda med 2/3 fleirtal. Framlegg til brigde må kunngjerast minst 1 månad føreåt. Framlegga kan ikkje endrast på landsmøtet dersom endringane fører til at meiningsinnhaldet vert endra.

## 2 TRYGGE MØTEPLASSAR I NOREGS MÅLLAG

Vedteke på landsmøtet i Vinje 15. april 2018

**Noregs Mållag sentralt, og alle våre ulike lokale mållag, skal vere ein god stad å engasjere seg. Noregs Mållag skal vere ein trygg organisasjon. Norsk Målungdom deltek vanlegvis på tilskipingar i Mållaget, og vi har eit særleg ansvar for dei unge deltakarane. Alle tillitsvalde, aktive og tilsette har ansvar for å oppføre seg skikkeleg mot kvarandre og møte kvarandre med respekt.**

### **Mot seksuell trakassering**

Det skal ikkje vere seksuell trakassering i Noregs Mållag. I likestillingslova vert seksuell trakassering definert som uønskt seksuell merksemd som er plagsam for den som merksemda rår. Det er altså korleis handlinga vert opplevd som avgjer om det er snakk om seksuell trakassering, ikkje intensjonen eller handlinga i seg sjølv.

### **Varsel om kritikkverdig åtfærd**

Det skal vere så enkelt som råd å varsle. Eit varsel kan innehalde mange typar bekymringar, alt frå underslag, grenseoverskridande åtfærd, seksuell trakassering eller andre overgrep. Varsel skal meldast til næraste leiar i lokallaget eller fylkeslaget, og/eller til dagleg leiar i Noregs Mållag. Lagsleiar som tek mot varsel skal alltid varsle dagleg leiar så snart som råd.

Dersom du som leiar eller dagleg leiar tek imot eit varsel, har du ansvar for å undersøkje, så godt som råd er, innhaldet i varselet. Lagsleiar tek kontakt med dagleg leiar og saman vert de samde om kva som skal gjerast. Ut frå innhaldet i varselet tek dagleg leiar saka vidare. Det er viktig å ta omsyn til den svake parten i saka, i tillegg til å sørgje for å få fram og avklare alle sider og syn frå dei involverte i varselet. Leiar og dagleg leiar skal få skulering i korleis ta i mot og undersøkje innhald i varsel.

Handsaminga av varselet skal så langt som råd skriftfestast. Uansett utfall av varselet skal dagleg leiar loggføre saka, slik at ho ligg i arkivet. Reaksjonsmåte må avgjerast ut frå kor alvorleg hendinga er. Det kan vere ein samtale der den aktuelle leiaren eller dagleg leiar gjer det klart kva som er akseptabel åtfærd i Mållaget, og krav om å be om orsaking eller andre reparerande tiltak. Det kan vere informasjon om saka til aktuell valnemnd og tiltak som krev styrevedtak om utestenging frå fellesarena i organisasjonen som landsmøte og konferansar. Noregs Mållag har ikkje eksklusjonsparagraf. Hendingar som er i strid med norsk lov, vert melde til politiet.

### **Nokre konkrete tiltak i høve tilskipingar:**

**1. Ansvarleg leiing.** På alle tilskipingar i Noregs Mållag skal det vere rusfrie ansvarlege personar knytte til leiinga og som har eit særleg ansvar for å følgje opp unge medlemmer og medlemmer i Norsk Målungdom. Alle skal få informasjon om telefonnummer til desse ansvarlege.

**2. Kjønnsdelte formøte.** I høve større tilskipingar som landsmøte og konferansar skal sentrallekken jamleg leggje til rette for kjønnsdelte formøte både for kvinner og menn.

**3. Rusfrie alternativ.** Det sosiale fellesskapet er viktig i Mållaget. Det er viktig å invitere til tilskipingar utan alkoholbruk, og å ha eit medvite forhold til alkoholbruken på mållagstilskipingar der ein kan kjøpa alkohol. Noregs Mållag betaler ikkje alkohol for tillitsvalde og tilsette.

*Trengst det meir detaljerte reglar, eller er det tvil i enkeltsaker, vert det lagt fram for styret i Noregs Mållag til vedtak.*

### 3 HØYRINGSSVAR NOU 2019: 23 – NY OPPLÆRINGSLOV

Noregs Mållag har desse innspela til ny opplæringslov:

**Den noverande opplæringslova utjamnar ikkje dei skeive vilkåra mellom bokmåls- og nynorskelevar her i landet. Dersom regjeringa går inn for framlegget frå opplæringslovutvalet, vil ho forverre vilkåra for nynorskelevane, og gjere det endå vanskelegare å vere nynorskbrukar enn bokmålsbrukar. Jamstillinga mellom nynorsk og bokmål og retten til god språkopplæring for nynorskelevane er heilt avhengig av ei betre opplæringslov enn det utvalet her kjem med.**

Det overordna og mest dramatiske er at utvalet ikkje ser at opplæringslova er ei heilt sentral språklov. Noregs Mållag sine innspel til ei ny språklov gjennom dei siste sju åra og dei konkrete innspela våre til utvalet har hatt dette som ein heilt sentral premiss: Opplæringspolitikk er språkpolitikk. Det er på opplæringsfeltet store delar av språkpolitikken vert utøvd, og det er såleis den mest sentrale språkpolitikken i eit samfunn.

I mai i år kom Prop 108 L (2019–2020) med regjeringa sitt framlegg til språklov. Denne slår i større grad enn mållova fast det offentlege sitt ansvar for språkpolitikken og det særlege ansvaret staten har for å fremje det mindre brukte språket. Det tyder at situasjonen for nynorsk skal vurderast i all politikktvikling der norsk språk er relevant. I opplæringslovutvalet sitt framlegg føreslår dei fleire endringar i språkrettane til elevane utan at dei språkpolitiske konsekvensane er utgreidde, eller at den språkpolitiske dimensjonen av endringane i det heile er nemnt. Utvalet sitt framlegg til ny opplæringslov står i sterk kontrast til formålet til den føreslegne språklova, og Noregs Mållag meiner difor det vil vere svært problematisk om regjeringa stiller seg bak framlegga frå utvalet som så klart råkar nynorsken og nynorskbrukarane.

Noregs Mållag sine framlegg til endringar som vedkjem nynorskelevane og rettane deira:

#### 1. Framleis ikkje språkdelt ungdomsskule

22. november 2016 bad fleirtalet på Stortinget om ei utgreiing om retten til å gå i eigen nynorskklasser ut heile grunnskulen. I statsbudsjettet for 2020 vart det vist til at dette var ei sak for arbeidet med denne NOU-en. Utvalet lét vere å ta stilling til spørsmålet med tilvising til at det lyt vere eit politisk spørsmål – og sende det attende til politikarane.

Å innføre ein rett for alle nynorskbrukarar til å få opplæring i sitt eige språk ut heile grunnskulen, krev ei endring av opplæringslova. I dag har elevane denne retten berre dei sju fyrste åra i grunnskulen. Norsk språkopplæringspolitikk bryt her med det som internasjonalt er rekna som ein sentral språkrett, retten til opplæring i og på eige språk. Å utvide retten til å gå i eigen nynorskklasser til å gjelde heile grunnskulen, vil styrkje nynorsken sin posisjon i område der nynorsken er under press og redusere tendensen til målbyte. Dette er som kjent eit overordna språkpolitisk mål, jf. § 1 i framlegget til ny språklov.

#### 2. Digitale læremiddel

Ei samla målrørslé, og Språkrådet, har alle spelt inn til utvalet ei stor uro over den digitale kvardagen i skulen. Nynorskelevane er i stor grad overlatne til digitale læremiddel som berre finst på bokmål. Utvalet skriv at dei meiner dagens paragrafar synest dekkjande, trass i at undersøkingar syner at det ikkje stemmer. Noregs Mållag fekk i 2018 utarbeidd ein rapport som synte at tilgangen til digitale læremiddel var dårleg, og at definisjonane for kva eit læremiddel er i opplæringslova, er så uklare at det er lett for skuleeigarar å omgå kravet og ta i bruk læremiddel som berre finst på bokmål.

Det trengst klårare definisjonar av kva som er eit læremiddel. I den digitale skulekvardagen nyttar ein i dag òg appar og andre digitale verktøy som ikkje nødvendigvis er utvikla med tanke på bruk i skulen. Det må vere eit krav at digitale verktøy som vert nytta regelmessig for å nå kompetansemåla i eit fag, vert rekna som læremiddel.

Retten til eige språk bør ikkje berre gjelde læremiddel. Denne retten bør òg gjelde kontorstøtteprogram, operativsystem og andre digitale hjelpemiddel som er avgjerande for at nynorskelevane får ei like god opplæring som bokmåselevane på sitt eige opplæringspråk. Tidlegare § 17-3 i forskrifta til opplæringslova hadde denne ordlyden (vår utheving): "Kjeldestoff, bakgrunnsstoff, artiklar, aviser, oppslagsverk og liknande, både trykte og ikkje trykte, kjem ikkje inn under kravet om språkleg parallellutgåve sjølv ved regelmessig bruk. Det same gjeld spesiell programvare **som ikkje til vanleg blir nytta som kontorstøtteprogram.**" Dette kravet lyt kome attende. Utan slike krav til operativsystem og kontorstøtteprogram får nynorskelevane eit dårlegare tilbod.

Utvalet diskuterer dette kravet, men skriv: Utvalget støtter ikke forslaget og mener at for eksempel læringsverktøy som tekstbehandlingsprogrammer og andre kontorstøtteprogrammer ikke bør omfattes av kravet. Utvalget er ikke kjent med hvilke konsekvenser et slikt krav vil kunne få, men antar at dette vil kunne innebære en del praktiske utfordringer der kommunen ønsker å bruke mest mulig like kontorstøtteprogrammer i hele virksomheten.

I dag er situasjonen slik at norske elevar nyttar skriveprogram og andre kontorstøtteprogram utan brukargrensesnitt på nynorsk og utan god nok stavekontroll på nynorsk. Dei nyttar altså hjelpemiddel i skriveopplæringa som fortel dei at det dei skriv er feil, sjølv om det er korrekt nynorsk. Dette kan opplæringslova berre løyse ved at skrive- og andre kontorstøtteprogram får eit klart parallellitetskrav på seg frå norske styresmakter. Om ikkje, gjev utvalet dei store multinasjonale selskapa makt over norsk språkutvikling.

Det er heller ikkje slik at det er eit mistilhøve mellom kva elevane treng og kva dei kommunalt tilsette treng av god stave- og grammatikkontroll i kontorstøtteprogram. Det er minst like viktig for kommunalt tilsette som for elevar i grunnskulen.

Framlegg til ny ordlyd i § 13-5. Læremiddel:

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at det i opplæringa berre blir brukt læremiddel, kontorstøtteprogram og stave- og grammatikkontroll som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. Med læremiddel meiner ein alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som vert brukt i opplæringa for å nå kompetansemåla i læreplanverket. Krava gjeld for alle digitale og ikkje-digitale verktøy som er laga for opplæringsssiktemål eller som blir brukt i opplæringsssiktemål. Unntak frå lova må vurderast og grunngjevast særskilt.

### 3. Skulemålsrøystingar

Historisk har retten til rådgjevande røystingar om skulemål i skulekrinsane vore heilt avgjerande for nynorsken si utbreiing. Heilt fram til andre verdskrig breidde nynorsken om seg gjennom slike røystingar. Når utvalet no gjer framlegg om å fjerne denne retten i lova, fjernar dei soleis ein historisk viktig språkrett. At dei gjer det heilt utan å diskutere dei språkpolitiske konsekvensane, er oppsiktsvekkjande.

Det er KS i referansegruppa som har kome med ynsket om å fjerne dei rådgjevande røystingane frå lova. Utvalet er samde og meiner dette er ei særregulering ein bør unngå, og at føresegnene i kommunelova om innbyggjarforslag og lokale rådgjevande røystingar dekkjer behovet. Det er ikkje mogeleg å finne att KS sitt innspel mellom innspelsdokumenta på utvalet si innspelsside, men i NOU

1995: 18 Ny lovgiving om opplæring vart òg rådgjevande røystingar føreslått teke ut av lova. Den gongen òg etter framlegg frå KS, men då med grunngeving om at desse røystingane var for dyre for kommunane.

I dag fungerer desse røystingane berre som forsøk på å vippe nynorsken ut av skulekrinsane. Spørsmålet er soleis: Gjer ein det lettare eller vanskelegare å vippe ut nynorsken om ein fjernar denne føresegna? Dette har utvalet ikkje diskutert eller reflektert over. Fjernar ein den lovpålagde plikta til slike røystingar, vil avgjerda ligge hjå kommunestyret åleine, med eit høve etter kommunelova til å halde rådgjevande røystingar, men ikkje eit pålegg slik det er i dag. Det er svært uklart kva utslag det vil gje. At dette ikkje i det heile er greidd ut i NOU-en, er svært oppsiktsvekkjande. Slik gjer utvalet ei stor og avgjerande endring i dei prinsipielle, og historisk viktige språkrettane heilt utan å greie ut dei språkpolitiske konsekvensane av ordninga. Dette er stikk i strid med framlegget til ny språklov som regjeringa kom med i august, og beint fram uansvarleg. Slik føreslår ein å fjerne ein etablert språkrett av lovtekniske omsyn.

Trass i dei uheldige utslaga av røystingane, meiner Noregs Mållag at makta til å endre skulemålet i krinsen framleis bør ligge hjå innbyggjarane.

#### **4. Kompetanse hjå lærarane**

For å sikre at alle elevar i den norske skulen får god opplæring i både hovudmålet og sidemålet sitt, er det avgjerande at lærarane meistrar både nynorsk og bokmål. § 15-2 slår fast at «Berre personar som har relevant fagleg og pedagogisk kompetanse på tiltredingstidspunktet, kan tilsetjast i lærarstilling». I dette må det liggje at relevant fagleg og pedagogisk kompetanse femnar om nynorskkompetanse, same kva fag læraren skal undervise i. Dette er eit ansvar som ligg på lærarutdanningane.

§ 15-3 og § 15-6 seier at «Kommunen og fylkeskommunen skal sørgje for at lærarar har relevant kompetanse i dei faga dei skal undervise i», og at dei har «ansvar for å ha den rette og nødvendige kompetansen i verksemda». Her er det særskilt viktig at det ikkje berre er den kompetansen til arbeidssøkjjarar som kjem til uttrykk gjennom vitnemål og liknande, som er teljande, men at det å meistre både nynorsk og bokmål er ein del av kompetansekravet. Det er avgjerande for at elevar med nynorsk som hovudmål får god undervisning på nynorsk i alle fag, og at elevar med nynorsk som sidemål får sidemålsundervisning i norskfaget som held mål. I tillegg er det viktig å minne om at skrivning er ein dugleik som skal øvast opp i alle fag, ikkje berre i norskfaget. Slik vert nynorskkunnskapen til lærarane ein viktig kompetanse i alle skriftlege.

Eit slikt kompetansekrav må òg kome til uttrykk i stillingsutlysingar og vere eit element det vert lagt vekt på i tilsetjingsprosessen for lærar- og skuleeigarstillingar.

#### **§ 4-1. Norsk skriftspråk (målform) for elevane i grunnskolen**

Fyrste ledd:

I dag slår opplæringslova fast at elevane skal ha opplæring i begge målformer dei to siste åra i grunnskolen, jf. § 2-5 sjette avsnitt fyrste setning. Sidan læreplanen går lenger enn dette, er paragrafen endra til eit generelt krav om opplæring i begge skriftspråk. Noregs Mållag er samd i at det er uheldig å avgrense sidemålsopplæringa til dei to siste åra no som læreplanen legg opp til sidemålsstart på fjerde trinn. Men det er viktig at ein ved å fjerne opplæringsåra, ikkje opnar for å starte endå seinare med sidemålsundervisning.

Tredje ledd:

Utvalet foreslår å flytte avgjerda om kva skule elevane skal få opplæring i anna skriftspråk enn opplæringspråket i krinsen på, frå foreldre til kommunen. Utvalet sitt framlegg til formulering er slik: «Er elevane spreidde på fleire skolar i kommunen, avgjer kommunen kva skole dei skal få opplæring på». Dagens formulering er slik: «Når elevane er spreidde på fleire skolar i kommunen, vedtek foreldra med vanleg fleirtal kva skole tilbodet skal givast ved». Utvalet skriv: Utvalet har stor tiltro til at kommunen velger den løsningen som totalt sett er til det beste for elevene. Mållaget hjelper kvart år foreldre som vil opprette nynorskklasser for ungene sine og veit at kommunen ofte aktivt motarbeider slike opprettingar. At kommunen difor kan velje kva skule tilbodet skal opprettast på, kan bli brukt for å gjere slike opprettingar mindre attraktive for foreldra. Noregs Mållag rår difor sterkt frå å flytte avgjerda frå foreldra til kommunen.

#### **§ 13-4. Opplæringspråk og hovudmål på kvar skole**

Andre ledd:

Utvalet foreslår at det bør gå fram av den nye lova at fylkeskommunane òg skal fatte avgjerd om hovudmål ved dei ulike vidaregåande skulane i eige fylke. I dag er det berre grunnskulane som har krav om å fatte slikt vedtak. Noregs Mållag meiner dette vil vere ein god praksis. Mest truleg har eit fåtal skular gjort dette. Mange har nok ein litt tilfeldig praksis. Hordaland fylkeskommune gjorde eit prinsippvedtak i juni 2018 om at alle skulane i fylket skulle administrerast og marknadsføre seg sjølv på nynorsk. Ei slik formulering som no er føreslegen, vil mest truleg gå lenger enn det, sidan utvalet meiner at dei vidaregåande skulane skal ha eit hovudmål. Då må òg undervisinga gå føre seg på nynorsk. Då må det verte slått fast at den einskilde skulen skal ha nynorsk som administrasjonsspråk og at undervisinga på skulen skal gå føre seg på nynorsk. Dette vil vere til stor hjelp for å trygge nynorskelevane betre, og sikre at dei ser meir av språket sitt rundt seg og slik vert tryggare nynorskbrukarar.

#### **Norskbøker på hovudmålet:**

Utvalet skriv: I opplæringsloven § 2-5 tredje avsnitt tredje setning er det fastsatt følgende: «I norskopplæringa skal elevane ha lærebøker på hovudmålet.» Slik utvalget ser det, er denne presiseringen overflødig. Det er ikke grunn til å tro at elevene eller foreldrene vil velge læremidler i norskfaget som er på en annen målform enn det skriftspråket eleven skal få mesteparten av opplæringen i. Noregs Mållag er kjend med at det ikkje er uvanleg med lærebøker på anna språk enn opplæringspråket, og vi meiner det er pedagogisk uheldig. Det bør difor framleis vere slik at lærebøkene i norsk skal vere på hovudmålet for å sikre elevane ei best mogeleg norskopplæring. Dette kravet bør utvidast til å gjelde i alle fag, men det bør vere opning for å ta i bruk lærebøker på sidemål i andre fag enn norsk som eit positivt sidemålsforsøk for elevar som har bokmål som hovudmål.

#### **Merknad til kap. 32.4.3 (om språklege krav til lesebøkene i norsk)**

§ 13-5: Før stod det «Lesebøkene i norskfaget i grunnskolen skal ha nok tilfang på begge målformer slik at elevane lærer å lese både bokmål og nynorsk.» Den formuleringa var i utgangspunktet for vag, men ho var betre enn å ikkje ha noka formulering, som er det valet som er teke i det nye utkastet. Slik stoda er no, etter at godkjenningssordninga vart teken bort, får mange nynorskelevar lesebøker med 70 prosent sidemål (=bokmål), og dersom punktet vert teke heilt ut av den nye opplæringslova, er det all grunn til å tru at det kjem til å verte verre. Det trengst tydelege krav språkkrav til forlaga som utarbeider lesebøker. Det er likevel viktig å presisere at det er særskilt viktig at elevar i den tidlege språkopplæringa har lærebøker på opplæringspråket, særleg for nynorskelevane.



§ 13-5, siste ledd: «Skolen kan ikkje bruke norskspråklege trykte og digitale ordlister og ordbøker som ikkje er godkjende.» Noregs Mållag meiner dette kravet òg må omfatte ordlister/stavekontroll i digitale skriveprogram som er i bruk i skulen. I dag er situasjonen at norske elevar nyttar skriveprogram og andre kontorstøtteprogram utan god nok stavekontroll på nynorsk eller utan stavekontroll på nynorsk i det heile. Det som skal fungere som hjelpemiddel i skriveopplæringa, vert altså for nynorskelevane heller ein hemske, noko som gjer at skriveopplæringa for nynorskelevane ikkje er like god som for bokmåselevane. Det er òg eit hinder for dei mange elevane som har nynorsk som sidemål.

#### **Andre kommentarar til tema i NOU-en.**

##### **Opplæringspråk:**

Utvalet vil at det skal gå fram eksplisitt av lova at opplæringspråket skal vere norsk og samisk. Det gjer det ikkje i dag. Nynorsk kultursentrum har spelt inn at opplæringslova bør ha ein generell språkpolitisk føremålsparagraf, det meiner Noregs Mållag er ein god idé.

##### **Fritak frå opplæringspråk:**

Utvalet vil opne for at departementet etter søknad kan gje ein kommune tidsavgrensa fritak frå opplæringspråk. Dette vil opne for fleire forsøk med engelsk som opplæringspråk i norsk skule, noko som eksplisitt undergrev vernet om norsk språk.

##### **Tilsyn:**

I den noverande forskrifta står det at «Skoleeigar skal ha eit forsvarleg system, jf. opplæringslova § 13-10, for å sikre at retten til eleven blir oppfylt.» Det er lite som tyder på at eit slikt system er på plass, og det er i dag nesten fritt fram for kommunane til sjølve å tolke om tilbodet dei gjev elevane, følgjer lova eller ikkje. Foreldre og elevar som er misnøgde, veit heller ikkje kven dei kan klage til. Det bør vere slått fast i lova kven som fører tilsyn med at elevane sine språklege rettar vert innfridde. Noregs Mållag føreslår at Språkrådet får eit slikt ansvar.

##### **Andre innspel:**

Noregs Mållag har tidlegare kome med eit innspel til korleis opplæringslova betre kan sikre nynorskelevane ei god og trygg nynorskopplæring. Me har ynskt oss ei rekkje forbetringar i den nye lova:

- Noregs Mållag ynskjer at elevane ikkje kan velje hovudmål sjølve før dei tek til i vidaregåande skule. Det er svært få slike val elevane kan gjere sjølv så unge som 12 år. Valet skjer før elevane har vore innom språkhistoria i læreplanen og før dei er fullkompetente i hovudmålet sitt.
- Lova bør få attende krav om at det skal vere minst ti elevar att med det opphavlege hovudmålet (slik det var fram til 2003), for å hindre utarming av nynorskklassane.
- Kommunen sine språkvedtak bør styre språket i vaksenopplæringa. I dag er ikkje språkvalet å vaksenopplæringa regulert og er i praksis opp til leiaren i vaksenopplæringa i ein kommune.
- Retten til læremiddel på nynorsk må også gjelde læremiddel for vaksne innvandrarakar (som har norskopplæring)
- Elevane bør organiserast i klassar som skal ta vare på ikkje berre behovet for sosial tilhøyrse, men òg retten til opplæring på eige språk. I ungdomsskule og vgs. vert språk svært sjeldan teke omsyn til når ein set saman grupper på skular med både nynorsk- og bokmåselevar. Å dele opp

nynorskelevane i fleire klassar slik at det vert fåe nynorskelevar i kvar klasse, gjer dei meir utsette, og gjer det vanskelegare å halde på nynorsken og å gje nynorskelevane god nynorskundervising.

- Det bør alltid vere tilbod om nynorsk parallellklasse i kommunar med over 100.000 innbyggjarar, utan krav til minstetal på elevar.

### **Lovspråket**

Lova er føreslått på nynorsk. Det er likevel urovekkjande at utvalet nyttar tid både på s. 178, 179 og 180 til å vurdere om kravet til klart språk bør føre til at lova er på nynorsk. Opplæringslova er ei stor og viktig lov på nynorsk, og lovspråket bør halde fram med å vere på nynorsk.

I prop 108 L (2019–2020): Lov om språk står det:

I St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og meining stod det at det er eit mål at minst 25 prosent av lovverket rekna i tekstmengde skal vere på nynorsk. Dette målet er ikkje nådd. Ei oppteljing Kulturdepartementet gjorde i 2012, viste at vel 15 prosent av alle gjeldande lover er på nynorsk. I tekstmengde utgjer nynorsklovene i underkant av 10 prosent. Det er ikkje gjort noka ny oppteljing, men Språkrådet melder at fleire lovutval som reviderer viktige lover på nynorsk, skiftar til bokmål. Dette er uheldig på mange måtar. Nynorsk er eit direkte og tydeleg språk som høver godt i lovtekst, og lovverket er eit viktig domene for nynorsken. (s. 24)

**Partnere:****Registrert revisor Syver Tønnesen****Registrert revisor Per M. Michelsen****Registrert revisor Daniel Rypdal***Medlemmer i Den norske revisorforening*

Til landsmøtet i Noregs Mållag- Fondet for Norsk Måltreising

**MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR 2018****Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen***Konklusjon*

Vi har revidert Noregs Mållag sin rekneskap for Fondet for Norsk Måltreising som viser eit overskot på kr 80.482,-. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta perioden 1.1 -31.12.2018 og balanse pr. 31.12.2018.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2018, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

*Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

*Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir eit rettvisande bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

*Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare omtale av revisor sine oppgåver og plikter vises til

<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>


## Utsegn om andre lovmessige krav

### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovenfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Oslo, den 4. mars 2019

**Vekst Revisjon AS**



Syver Tønnesen  
Registrert revisor

**Partnere:****Registrert revisor Syver Tønnesen****Registrert revisor Per M. Michelsen****Registrert revisor Daniel Rypdal***Medlemmer i Den norske revisorforening*

Til landsmøtet i Noregs Mållag- Fondet for Norsk Måltreising

## MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR 2019

### Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

#### *Konklusjon*

Vi har revidert Noregs Mållag sin rekneskap for Fondet for Norsk Måltreising som viser eit underskot på kr 58.913,-. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta perioden 1.1 -31.12.2019 og balanse pr. 31.12.2019.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2019, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

#### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir eit rettvisande bilede i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

#### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare omtale av revisor sine oppgåver og plikter vises til  
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>


### **Utsegn om andre lovmessige krav**

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Oslo, den 8. mars 2020

**Vekst Revisjon AS**



Syver Tønnesen  
Registrert revisor